

Fra: Heidi Anita Særsten Solheim[heidi.solheim@kvinnherad.kommune.no]
Sendt: 22.01.2025 15:16:09
Til: Solfrid Hellesoy Siqveland; Post; Redaksjon Kvinnheringen; Post
Grenda[solfridhs@gmail.com; post@kvinnherad.kommune.no; redaksjon@kvinnheringen.no;
post@grenda.no]
Tittel: SV: Ope brev til kommune/aviser: Laurdagsbading i Rosendal?

Laurdagsope basseng i Rosendal

Når det gjeld laurdagsope basseng i Rosendal, så er det ikkje midlane det kjem an på, men mangel på tilsette i stillinga som badevakt. For å ha meir ope i helg og feriar, har det vore lyst etter tilsette fleire gonger. Tre gonger i 2023 og to i 2024.

Dette er små stillingar, og for Rosendal sitt basseng har ein lagt det opp slik at ei badevakt skal kunne jobbe både på Hatlestrand og Rosendal, så dei får ein større stillingsprosent. Likevel har vi ikkje fått søkjarar, og med det ikkje kunna ha ope på laurdagar.

Med helsing

Heidi A Særsten Solheim | Sektorleiar Oppvekst

Mobil: +47 48 89 56 33

www.kvinnherad.kommune.no |



KVINNHERAD
KOMMUNE

Tenk miljø før du skriv ut!

Ver merksam på at all dialog på e-post som er arkivverdig etter arkivlova, vil bli registrert i vår offentlege postjournal.

Fra: Solfrid Hellesoy Siqveland <solfridhs@gmail.com>

Sendt: onsdag 22. januar 2025 12:05

Til: Heidi Anita Særsten Solheim <heidi.solheim@kvinnherad.kommune.no>; Post <post@kvinnherad.kommune.no>; Redaksjon Kvinnheringen <redaksjon@kvinnheringen.no>; Post Grenda <post@grenda.no>

Emne: Ope brev til kommune/aviser: Laurdagsbading i Rosendal?

Ope brev til leiar for Opvekst

Fleire foreldre i krinsen for bassenget i Rosendal ynskjer laurdagsbading. FAU Malmanger skule, Rosendal bygdelag og Fonna Svømme-og Livredningsklubb vil reise spørsmålet til leiar for Oppvekst om vi kan få dette til omgåande.

Vi veit kommunestyret meiner vi klarer lære borna våre å symje mellom 16. september og 31. mars, og at vi ellers kan lære å symje i fjorden. Vi erfarer at det er kaldt for born i bryjinga av april i fjorden, og vi ynskjer difor å gjere så mykje som

mogeleg ut av den tida det er mogeleg å bruke bassenget. Vi vil med dette be om at det vert ope for familiebadning i tre timar på laurdagar framover.

Vi ber om at dette kan skje omgåande. Vi har mange årskull som ikkje har noko tid i bassenget i skuletida dette året. Vi ber difor om mogelegheit for å bruke bassenget på laurdagar med offentleg badevakt tilstades, og inngangspengar som vanleg.

Vi ynskjer i framtida at det skal vere mogeleg å bestille plass i bassenget før ein kjem. Slik det har vore i vinter har nokon familiebadningar måtte avvise mellom 10 og 15 personar nokon gonger, og andre gonger er der berre to personar på familiebadning. Vi ber om at vi kan ta i bruk framtida sin teknologi for å bestille og betale for plass i bassenget på førehand, slik at det vert meir foutsjåeleg for badande om dei får plass eller ikkje.

Vi ber om badning fylgjande datoar: Januar 25.

Februar: 1. 8. 15.

Mars 8. 15. 22. og 29.

Vi reknar med der er ein personalutgift på mellom 1000 og 2000 kr per time. Vi trur mange av badetimane vil bli fulle av badande. I Rosendal kan det vere 20 badande ved familiebadning. Vi trur det vil bli 5-7 familiar som kjem på badning kvar gong, og kvar av familiane betaler 180 kr, som vil gje ei inntekt mellom 1000 og 1200 kr per time det er ope. Vi ber om at Leiar for oppvekst kan finne desse pengane, eller at kommunestyret kan finne dei kronene som trengs for at vi som foreldre/føresette kan hjelpe borna våre å bli trygge i vatn.

Rosendal bygdelag har laga ei meiningsmåling om laurdagsbadning som ligg tilgjengeleg på Facebook. Vi ser allereie over 20 navn som har signert på at dei vil nytte seg av laurdagsbadning.

Vi ser fram til å høyre frå kommunen.

Venleg helsing

Stephanie Hjelmeland (Fonna svømme-og livredningsklubb), Solveig Hus Hansen (Rosendal bygdelag) , Andrè Enæs Stormoen (Leiar FAU Malmanger) og Solfrid Hellesøy Siqveland (Medlem FAU Malmanger skule)

(tips: Kvinnheringen hadde oppslag om "Startar symjeklubb i Rosendal" 23. november 2015.

og 05.03.2023 skreiv Grenda "Innførte årskort for alle bassenga". Så her er mykje vilje til å gje tyrggleik i vatn og gjere bassenga meir tilgjengelege)

--

Nesvegen 72

5470 ROSENDAL

Norway